



## Retningslinjer for driftstilskot

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt i kultur- og folkehelseutvalet sitt møte 10. september 2024, i sak 40/24.

### Presiseringar

Kulturtilskot er eit gode du kan søke om å få, men ikkje noko du har krav på. Tildelinga skjer på bakgrunn av retningslinjer, krav og prioriteringar. Desse er gjort kjent på førehand.

Tilskotsmidlar er eit knappleiksgode. Det betyr at det er mindre pengar tilgjengeleg enn det som blir søkt om. Derfor gjer fylkeskommunen ei vurdering av søknadane basert på skjønn. Dette betyr også at gode søknadar, som er i tråd med retningslinjene, kan bli avslått eller få mindre støtte enn det de har søkt om.

Vi er avhengig av nok pengar i budsjettet for å kunne gjere tildelingar.

### Formål

Tilskotsordninga skal bidra til å støtte drift av organisasjonar i Møre og Romsdal med eit tydeleg formål innan kunst, kultur, idrett eller friluftsliv. Organisasjonane skal ha ein sterk regional, fylkesfemnande eller nasjonal verdi.

Tilskotsordninga skal òg bidra til å nå måla i planverket til fylkeskommunen.

### Kven kan søke om støtte?

Lag, organisasjonar og institusjonar med eit tydeleg formål innan kunst, kultur, idrett eller friluftsliv, og som er førehandsgodkjent som søkar til driftstilskot.



## Desse kriteria må de oppfylle

- Søkar skal høyre til i fylket og ha sin hovudaktivitet i Møre og Romsdal.
- Søkar skal vere etablert. Dette betyr at søkar skal ha hatt minimum full drift i eit kalenderår og har minst ei årsmelding som kan sendast inn innan søknadsfristen.
- Søkar skal vere ein regional aktør og bidra til å skape verdi i eit større geografisk område, utover det lokale.
- Paraplyorganisasjonar som får driftstilskot skal fordele midlane vidare til underorganisasjonane sine i tråd med desse krava og retningslinjene for ordninga.
  - Er søkar medlem av eit fylkesledd eller paraplyorganisasjon, skal søkar få eit eventuelt driftstilskot frå dette fylkesleddet eller paraplyorganisasjonen.
- Søkar skal ikkje ha som mål å fremme eigne medlemmer sine økonomiske og/eller yrkesmessige interesser. Dette gjeld òg interessepolitiske organisasjonar.
- Søkar skal vere demokratisk oppbygd med eige styre og vedtekter.
- Søkar skal ha tiltak og/eller aktivitetar som er universelt utforma og opne for alle.
- Søkar må ha avtale om å få driftstilskot frå kommunen dei har hovudaktiviteten si i. Støtta bør vere på minimum same nivå som støtta frå fylkeskommunen.
- Søkar som kan dokumentere at dei får statleg støtte kan på denne måten kompensere for ei eventuell manglande støtte frå kommunen.

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt og tiltak vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

Ideelle og religiøse organisasjonar som søker om støtte skal likestillast.

## Kva kan du søke støtte til?

Støtte til faste driftsutgifter og/eller forplikingar som for eksempel lokalar og lønn til tilsette.

## Kva blir det ikkje gitt støtte til?

I denne ordninga blir det ikkje gitt støtte til noko anna enn ordinær drift.



## Søknadsfrist

Du kan få driftstilskot for ein periode på fire eller to år. Søknadsfristane er

- 1. november 2024 for driftstilskot i ein periode på fire år, for åra 2025–2028
- 1. november 2026 for driftstilskot i ein periode på to år, for åra 2027–2028

## Saksbehandling

Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har normalt fire veker saksbehandlingstid, frå første kvardag etter søknadsfrist. Tildelingar av driftstilskot skal behandlast politisk, i kultur- og folkehelseutvalet, og det må derfor bereknast lengre saksbehandlingstid. Søkarar får svar på søknaden sin etter behandling i hovudutvalet i starten av februar 2025.

Etter at søknaden er behandla vil du få svar på søknaden din skriftleg. I tildelingsbrevet finn du opplysningar om tildelt sum og kva vilkår som må vere oppfylte før du kan få støtta utbetalt. Dersom du får avslag får du vite grunnlaget for avslaget og korleis du eventuelt kan klage på vedtaket.

Vi behandlar ikkje søknader som er ufullstendige og som ikkje gir nok informasjon.

## Utbetaling og rapportering

### Du må sei ifrå om endringar

Drifta må gjennomførast slik det er søkt om. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Viss drifta ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.

### Du må rapportere og føre rekneskap

Rapporten skal gjere greie for drifta i forhold til søknaden. Rekneskapa skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i rekneskapa.



For tildelingar under 350 000 kroner skal sluttrekneskapen vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore med i føringa av rekneskapen. For tildelingar der samla støtte frå fylkeskommunen er over 350 000 kroner, skal rekneskapen vere godkjent av autorisert revisor.

Rapport og rekneskap skal sendast digitalt.

Om vilkåra i brevet og rapporteringskrava ikkje blir følgt, blir støtta automatisk trekt tilbake etter to år.

### **Du må synleggjere støtta du får**

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

### **Vi kan krevje at du må betale tilbake støtta**

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile eller delar av støtta.

Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

### **Vi kan kontrollere korleis midlane er brukt**

Vi kan kontrollere at tilskotet er brukt etter vilkåra. Viss du blir spurt, må du gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken.

## **Klagerett**

Vedtak i tilskotsaker er eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå du har fått brev frå oss.